



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvallsak
Plan- og miljøutvalet	01.03.2023	25/23

Endring av adressenamn etter avgjerd i namnesak - Åsbogdalen/Åsbekkdalen

Vedlegg

- 1 Brev frå Kartverket, 23.06.2022 - Klage
- 2 Namneliste i sak 2022-11
- 3 Oppsummering av innspel og viktige saksinnlegg

Dokument i saka

Andre diverse dokument (ikkje vedlagt) knytt til tidlegare namnesak for Åsbogdalen og adressering av vegnamn i Vinje.

Bakgrunn

Dette er ei sak som starta 13 år tilbake i tid. Den har vore innom fleire sakshandsamarar og arkiveringssystem, dels under eigne saksnumre og dels samla under adressenamn på Hardangervidda. Der er òg saksinnlegg som anten ikkje er arkivert, vanskelege å finne att, eller som har vore sendt internt mellom andre partar. Vedlegg 3 viser ei oppsummering av nokre av saksdokumenta, men dei viktigaste punkta følgjer under:

Adressenamnet Åsbekkdalen vart vedteke i kommunestyremøte den 20.05.2010, sak 10/34. Namnet var avleia frå Åsbekkdalen, namnet på dalen der vegen ligg.

Det vart oppretta namnesak i 2020, og Kartverket vedtok 11.11.2020 skrivemåten Åsbogdalen for denne dalen. Saka vart opna på nytt etter ynskje frå Rauland historielag. Dei klaga på vegne av fleire av bebuarane som hadde Åsbekkdalen som adresse, men som etter § 6 i stadnamnlova sjølv ikkje hadde klagerett på vedtaket. Kartverket gjorde 28.04.2022 på nytt vedtak om skrivemåten Åsbogdalen. Denne gongen kom det ikkje klage, og vedtaket vart difor endeleg. (Namnelista som er vedlagt syner til høyringsinnspela og usemja rundt namnet.)

Vinje kommune sendte 08.03.2021 ut varsel om vedtak og adresseendring til dei rørte partane, men etter ny namnesak var gjennomført i 2022, trekte kommunen tilbake adresseendringa i eit seinare brev datert 02.05.2022. Det vart vist til § 7 i stadnamnlova om at kommunen vedtek skrivemåten av offisielle adresser, og at dette var eit vedtak frå 2010 som det var for seint å klage på. Namnet på sjølve dalen vart dermed endra til Åsbogdalen, men adressenamnet vart ført tilbake

til Åsbekkdalen. Dette vart påklaga av Kartverket i e-post av 23.06.2022 og 30.08.2022. Dei ventar no på den politiske handsaminga av saka.

Det vart sendt ut høyringsbrev 24.10.2022 om at kommunen ikkje får medhald til å nytte Åsbekkdalen som adressenamn lenger, og om partane kunne kome med framlegg til nye namn dei var komfortable med. Rugdebekkevegen vart gjeve som eit eksempel. Det kom to innspel, som kvar heldt fast på sine opprinnlege alternativ Åsbekkdalen og Åsbogdalen.



Figur 1: Utsnitt frå kommune kart.no som viser den noverande situasjonen med Åsbogdalen som dalnamn og Åsbekkdalen som adressenamn på staden.

Relevante føringar:

Stadnamnlova legg føringar for korleis skrivemåten av stadnamn skal vere. § 4 tredje ledd, fyrste punktum: «Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.»

Vidare slår § 11 første ledd fast: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.» Her er kommunane nemnt.

Forskrift til stadnamnlova § 11: «Statsorgan, fylkeskommunar og kommunar og selskap som det offentlege eig fullt ut skal bruke den fastsette eller prioriterte skrivemåten av stadnamnet, jf. stadnamnlova § 11 og forskrifta § 14 femte ledd, i tekstproduksjon, skilting og på kart.»

Det er opna for nokre unntak for skrivemåte i stadnamnlova:

§ 4 andre ledd: «Har skrivemåten vore lenge i bruk, og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.» Det er vidare formulert i forskrifta til stadnamnlova: «Skrivemåtar som kan medverke til at meiningsinnhaldet ikkje kjem tydeleg fram, eller til at den nedervde lokale uttalen blir endra, kan berre godtakast dersom dei har ein lang og dominerande tradisjon, og det er stor semje om dei lokalt.»

Stadnamnlovas § 4 fjerde ledd slår fast: «To eller fleire skriftformer av same namn på det same namneobjektet kan fastsetjast som sidestille, dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

- a. det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde
- b. to eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde
- c. Det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene»

Alternativ:

Kommunen kan fatte vedtak om å endre adressenamnet Åsbekkevgen til Åsbogvgen, slik Kartverket har bedt om. Kommunen fylgjer i så fall opp intensjonen i lov om stadnamn § 4 tredje ledd, første punktum.

Kommunen kan avvise den mottekne klaga. Kartverket kan då sende saka til klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd.

Kommunen kan koma med framlegg til nytt adressenamn og sende ut på høyring. Merk at det er allereie sendt ut høyring med oppmoding om nye namneforslag. Det kom berre inn innspel på Åsbekkdalen og Åsbogdalen, altså ingen ynskje om alternative namn.

Vurdering

Etter § 4 i stadnamnlova skal skrivemåten for avleide adressenamn som hovudregel vere lik skrivemåten for primærnamnet, her namnet på dalen. Etter at ei namnesak er gjennomført, skal kommunen av eige tiltak fylgje den skrivemåten som er vedteke, jf. § 11. Ettersom adressenamnet var avleia frå naturnamnet Åsbekkdalen, fylgjer det av stadnamnlovas § 4 tredje ledd at når Åsbogdalen er vedteke i namnesak skal adressenamnet òg endrast.

Stadnamnlovas hovudregel om at namnet skal skrivast i samsvar med lokal nedervd uttale gjev ikkje fortrinn til den eine eller andre skrivemåten, sidan ingen av skrivemåtane tydeleg gjev att uttala. Det er klarlagt at namnet kjem frå det opphavlege staulenamnet Åsbog, og at det ikkje er snakk om ein bekk. Skrivemåten Åsbekkdalen vil i så måte skygge for meiningsinnhaldet i namnet, og slik vere i strid med formålsparagrafen i stadnamnlova.

Oppsittarar har etter § 12 i stadnamnlova ikkje klagerett på vedtak i namnesaker, men det vil vere relevant at det i denne saka er sterke tradisjonar for begge skrivemåtane hos dei lokale. § 4 fjerde ledd kan opne for sidestilling av skrivemåtar i slike tilfelle.

Det kom ikkje inn nye forslag til adressenamn etter høyring 24.10.2022, men det vart derimot heldt fast ved både Åsbogdalen og Åsbekkdalen. Difor vert det ikkje råda til å føreslå nytt adressenamn i denne saka, men heller gå inn for eitt av dei eksisterande alternativa.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 25/2023 i møtet den 01.03.2023

Røysting

Ein sette framlegga frå rådmannen opp mot kvarandre.
Det blei vedteke samrøystes å endre til Åsbogdalen.

Vedtak

Adressenamnet Åsbekkdalen endrast til Åsbogdalen, i samsvar med matrikkelforskrifta § 51, og adresseforskrift for Vinje, Telemark § 2.

Rådmannens framlegg til vedtak

Administrasjonen legg fram to alternativ til vedtak:

Adressenamnet Åsbekkdalen endrast til Åsbogdalen, i samsvar med matrikkelforskrifta § 51, og adresseforskrift for Vinje, Telemark § 2.

eller

Vinje kommune avvisar klage framsett i brev frå Kartverket datert 23.06.2022.

Saksframlegg er godkjent av kommunalsjef, Åge Verpe 22.02.2023.